

Referat frå ekstra soknerådsmøte onsdag 13/3 -24, kl. 17-19 på Solhaug.

Tilstades: Stian Holte, Hilde Roksund, Katrine Burmester og Inger Røddesnes

Meldt fråvær: Gunhild Sofie Halsvik Rønningen, Nils Steinar Stavsholt, Marie Helene Nordli, Ragnhild Halden.

Sak 22/24: Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkalling vart godkjent.

Sak 23/24: Godkjenning av referat.

Vedtak: Referat frå møtet i februar vart godkjent.

Sak 24/24: 17 Mai. Korleis ynskjer vi å gjennomføre den? Kva muligheter har me? Maria Tello frå 17. Mai komiteen i Lunde vil delta på dette punktet.

I forkant av møtet hadde styret fått e-postar frå både prest Ragnhild Halden som argumenterte i tre punkt for at ho ikkje ynskje å delta i gudsteneste under fellesarrangementet på yrkesskulen, og at ho ikkje kunne delta på meir en et oppdrag denne dagen, samt frå kyrkjeverje Mona Halsvik som etter samtale med staben uttrykte at dei heller ikkje ynskje og delta i dette arrangementet.

Soknerådet diskuterte og var litt delte i oppfatningane, men hadde eit fint og konstruktivt møte med Maria Tello frå 17.mai komiteen. Maria Tello sa at frå deira si side så var det to aktuelle tidspunkt for ein gudsteneste i samband med arrangementet og det var enten i forkant (i praksis før kransenedlegging kl. 09.45), eller i siste del av hovudarrangementet, dvs. etter alle underhaldningsinnslag, men før loddtrekinga. Ho sa og at dei har fokus på at det skal vere ein bra oppleving for dei som bidrar på scena og at dei har eit fokus både på lyd og sceneplassing for betre kontakt med publikum.

Vedtak: Soknerådet samla seg etterpå til eit vedtak om at me i år tar ynskja frå prest og stab til etterretning. Det blir altså ikkje gudsteneste i kyrkja eller under fellesarrangementet på vgs denne dagen. Soknerådet vel og kombinere ei enkel gudsteneste i samband med den tradisjonelle 17. mai-festen på Solhaug på kvelden.

Varianten med gudsteneste på Solhaug i samband med nasjonalfesten bør verte evaluert med tanke på korleis soknerådet vil avvikle gudsteneste på nasjonaldagen i åra framover.

Sak 25/24: Ungdomsarbeidar. Vurdere innstilling etter intervju av søkjar.

Mona, Katrine og Stian med fagforbundets representant har gjennomført intervju med Dorota Rybka-Giers og innstiller henne til 50% stilling som trusopplærer og ungdomsarbeidar i kyrkjelyden i til saman 50% stilling. Denne innstillinga vart godkjend i fellesråd 13/3, og soknerådet vedtar også å tilby henne denne stillinga. Pr i dag arbeider Dorota i vikariatet som trusopplærer hos oss. Dagleg leiar vurderer kva tid Dorota skal tre inn i den faste stillinga

Sak 26/24: Budsjett for 2024.

Lagt fram forslag til innsparingar som vart støtta av soknerådet.

Vedtak: Ein ber Mona lage/utarbeide eit ferdig budsjettforslag til neste soknerådsmøte.

Sak 27/24: Kyrkjelydsbladet: Kvar går vegen vidare?

Vedtak: Saka vart utsatt.

Sak 28/24: Eventuelt

Fasteaksjonen. Det er for få folk til å gå rodene. Lite konfirmantar. Leit at Ragnhild er sjukemeldt og ikkje kan bli med på aksjonen.

Skrivar Stian Holte. Lunde, 13.03.24

Neste møte: Onsdag 3/4-24, kl. 17-19 på Solhaug.